



Kvinnherad mållag er ute med songboka.no på nett. Her finn du nynorske barnesongar, mange med besifring og lydfil.

Kvinnherad mållag med sterkt fotfeste i Uskedalen har med midlar frå Sparebank1-stiftinga starta arbeidet med songbok på nett. Songboka.no er eit tilbod der skular, barnehagar og organisasjonar finn barnesongar på nynorsk. iDrift med mellom anna Gaute Luind står for den tekniske løysinga.

Målet med prosjektet er at du på ein enkel måte kan finna nynorske songar, også omsetjingar. Nokre songar vil ha besifring og det er høve til å høyra songen innspelt. Alt no ligg det ute 20 kjende songar. I tida fram til jul vert det særleg lagt ut advents- og julesongar.

Kvinnherad mållag oppmodar barnehagar og skular om å bruka songboka.no. På Facebook Kvinnherad mållag finn du meir informasjon. Det er høve til å senda tilbakemeldingar med framlegg til songar du vil ha med.

Styret utgjer redaksjonen. Øystein Skjæveland har gjennom Noregs mållag hatt reiserundar i landet og gjesta barnehagar. Han ser klart behovet mange har for på ein kjapp måte finna gode tekstar på nynorsk. Mållaget har særleg merka seg at kristne barnesongar brukt i barnekor i kyrkja og på bedehuset ofte er på bokmål. No har ein sjansen til å gå inn på songboka.no og finna den teksten du vil ha.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



I tida fram til jul vert det særleg lagt ut advents-og julesongar.